Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Kari Veseth Kinden / 56520261 | 17/70847-5 | | 06.07.2017 |

## Handsaming av klage – søknad om avkøyrsle og etablering av parkeringslomme – gnr. 98 bnr. 1 – Engjavik i Fusa kommune

Dokument i saka:

| Ref.nr | Dato | Tittel på dokument | Frå |
|---|---|---|---|
| 17/70847-5 | 06.07.17 | Handsaming av klage – søknad om avkøyrsle og etablering av parkeringslomme – gnr. 98 bnr. 1 – Engjavik i Fusa kommune | Statens vegvesen |
| 17/70847-4 | 06.07.17 | Informasjon om klagehandsaming – Avkjørsel – Fv. 121 – Gnr. 98 bnr. 1 – Engjavik – Fusa kommune | Statens vegvesen |
| 17/70847-3 | 03.07.17 | Klage på avslag – Avkjørsel – Fv. 121 – Gnr. 98 bnr. 1 – Engjavik – Fusa kommune | Magnar Ove Fjærestad |
| 17/70847-2 | 07.06.17 | Vedkommande søknad om avkjørsel fv. 121 – Gnr. 98 bnr. 1 Engjavik – Fusa kommune | Statens vegvesen |
| 17/70847-1 | 18.05.17 | Søknad om avkjørsel fv. 121 – Gnr. 98 bnr. 1 Engjavik – Fusa kommune | Magnar Ove Fjærestad |

**Saksinformasjon:**
Magnar Ove Fjærestad søkte om dispensasjon frå veglova for etablering av avkøyrsle og parkeringslomme på gnr. 98 bnr. 4 på Engjavik i Fusa kommune. Det er 50- sone og ein årsdøgntrafikk på 500 (2016) på strekninga, det er ikkje gang- og sykkelveg. Fv. 121 er i «Rammeplan for avkøyrsler og byggegrenser på riks- og fylkesveg i Region vest» definert som klasse 3. Lomma er tenkt med ein storleik på 3x13 meter. Det eksisterar ikkje standard utforming for parkeringslommer av denne typen, men etablering av lomme krev i praksis ny avkøyrsle frå fv. 121. Siktkrava er i så tilfelle 4 x 45 meter 0,5 meter over vegbana på fylkesveg 121. Sikta framover og bakover ved avkøyrsla skal vera 45 meter. Statens vegvesen

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00

firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

valde å avslå søknaden med bakgrunn i at tiltaket vil kunne skape presedens for tilsvarande saker, samt omsynet til trafikktryggleik og ulemper for drift og vedlikehald av vegen.

**Klage frå tiltakshavar:**
Tiltakshavar ynskjer å etablere parkeringslomme gjennom utviding av vegskulder for parkering/oppstilling av bilar, eventuelt bilhengar. Det er ca 50 meter sikt nordover og ca 200 meter sørover. Tiltakshavar ynskte ny vurdering med bakrunn i fylgjande tilleggsopplysningar:

- Tvers over for plassen det er søkt om, er det avkøyrsel til fritidsbustader og sjøhus. Ved avkøyrsel til dei er det som regel full trafikal stopp på sørgåande trafikk, som vil bortfalle om søkt utviding blir akseptert.

- 20 meter sør for plassen er det avkøyrsle til Markhus, samt gnr.98 bnr.1

Ut frå lokale trafikale kunnskapar, meiner tiltakshavar at avkøyrsla det er søkt om, vil betre trafikksikkerheten og vedlikehaldet i det aktuelle området, spesielt vinterstid.

**Vurdering av klage:**
Statens vegvesen har ikkje endra standpunkt i saka. Me har forståing for ynskje om etablering av parkeringslomme, men godkjenning av dette tiltaket vil kunne skape presedens for tilsvarande saker. Aktiviteten på og langs vegen har innverknad på trafikktryggleiken, og Statens vegvesen ynskjer ikkje å legga til rette for denne typen parkering og «utflytande» avkøyrsler utan klart definerte avkøyrslepunkt. I tillegg vil dette kunne skape problem i forhold til drift og vedlikehald av vegen med tilhøyrande areal, med plassering kloss i vegbana.

Med helsing

Carl- Erik Nielsen
Seksjonsleiar

Kinden Kari Veseth

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi
Fusa kommune, Postboks 24, 5649 EIKELANDSOSEN
MAGNAR OVE FJÆRESTAD, ENGJAVIK, 5645 SÆVAREID

Fekk ikkje sendt elektronisk, nettsiden finnes ikkje, kom opp som svar.

MOTTATT
18 MAI 2017
Statens vegvesen
Region vest

17/70847-1
442-1241

Statens vegvesen



# Søknad om avkjørsel eller dispensasjon fra byggegrenser

## Steg 1 av 6

Som søker kan du søke for deg selv eller andre. Hvis du søker for andre må du bekrefte at rette vedkommende har gitt samtykke.

X Jeg søker for meg selv

Jeg søker for andre

## Steg 2 av 6

Riksveg   X Fylkesveg

Vegnummer*

Fv 121

Eksempel på vegnummer: Rv 120

Kommune*

Fusa 1241

Fylke*

Hordaland

Gnr*

98

Bnr*

1

Festenr

Arealformål i kommuneplan*

Ingen

Dette får du opplyst av kommunen.

Ligger eiendommen i regulert område?

Ja X Nei

Detaljkart (se nedenfor)*

EGET VEDLEGG Browse...

Browse...

Flere vedlegg

Med detaljkart menes: Kart i målestokk 1:1000/1:500 hvor planlagt tiltak er tegnet inn med målsatt avstand til midten av vegen.

Den totale størrelsen på alle vedleggene må være under 10 MB

## Steg 3 av 6

Du kan søke om avkjørsel, dispensasjon fra byggegrenser eller begge.

X Jeg søker om avkjørsel

Søknad om avkjørsel*

Fradeling

Jeg søker om dispensasjon fra byggegrenser.

## Steg 4 av 6

Begrunnelse for søknaden og andre opplysninger som kan ha betydning.

Søknaden gjelder utviding av vegskulder for parkering / oppstilling av bilar eventuelt biltilhengar. Ref. synfaring med Fanebust frå Statens vegvesen, og Torleif Glesnes mann til grunneigar Turid Glesnes, som gav tilslutning til formålet for utvidinga. Området er på garden Sandal, rett før avkjørsel til Markhus. Arealet for utvidinga blir ca.3 x 13 m. Bredda avsluttar mot fjellvegg.
Det er 50km sone, og ca.50 m sikt den eine vegen, og ca.200 m den andre vegen.
Fanebust tok bilde av plassen, som er sendt til Statens vegvesen v/ Kari Veseth Kinden, som har hjelpt meg fram til dette skjemaet.

På førehand takk Magnar Ove Fjærestad

Begrunnelse for søknaden, ev. vedlegg

Browse...

Flere vedlegg

Den totale størrelsen på alle vedleggene må være under 10 MB

## Steg 5 av 6

Navn*

Magnar Ove Fjærestad

Adresse*

Sveneset, 5645 Sævareid

Telefon*

56581417- 41316144

E-post*

mofjeres@broadpark.no

## Steg 6 av 6

X Jeg samtykker i at opplysningene som er gitt ovenfor er riktige.*

Opplysningene du har gitt i søknaden benyttes utelukkende til behandling av søknaden din.

Statens vegvesen behandler de gitte opplysningene i tråd med personopplysningsloven. Les mer om Vegvesenets personvern.

Send søknad




Engjavik

Fusa kommune

**Koordinat**

60,18156°N 5,75980°Ø

**Høyde**

0 m.o.h

**Kartlagsinfo**

Kommuneplan

X= PLASSEN DET SØKES OM.

© 2017 Norkart AS/Geovekst og kommunene/NASA, Meti © Mapbox © OpenStreetMap

Statens vegvesen

MAGNAR OVE FJÆRESTAD
ENGJAVIK
5645 SÆVAREID

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Kari Veseth Kinden / 56520261 | 17/70847-2 | | 07.06.2017 |

# Vedkommande søknad om avkøyrsel fv. 121 - Gnr. 98 bnr. 1 Engjavik - Fusa kommune

Statens vegvesen viser til oversending mottatt 18.05.17, vedkommande søknad om avkøyrsle og etablering av parkeringslomme gjennom utviding av vegskulder, samt synfaring med representant frå Statens vegvesen 21.04.17.

**Tekniske opplysningar:**
Det vert søkt om etablering av parkeringslomme på ca 3x13 meter, på gnr. 98 bnr. 1 i Fusa kommune. Det er 50-sone, og ein årsdøgntrafikk på 500 bilar (2016), med 10 % lange køyretøy. Det er ikkje gang og sykkelveg på strekninga. Tiltaket krev avkøyrsle frå fv. 121.

**Rammeplanen:**
Fv. 121 er i «Rammeplan for avkøyrsler og byggegrenser på riks- og fylkesveg i Region vest» definert som klasse 3 med byggegrense på 30 meter:

- Talet på direkte avkøyrsler til vegane må vere avgrensa. Dette gjeld òg for driftsavkøyrsler
- Nye bustadavkøyrsler bør avgrensast. Val av plassering av avkøyrsler må vurderast med tanke på den framtidige samfunnsutviklinga
- Godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrsler til bustadføremål bør normalt gjevast dersom dei tekniske krava vert tilfredstilt

**Rikspolitiske retningslinjer:**
Desse skal sørgje for at arealbruk og transportsystem vert utvikla for å fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, med miljømessige gode løysingar, trygge lokalsamfunn og bu - miljø, god trafikktrygging og effektiv trafikkavvikling.

**0-visjonen**:
0-visjonen har som mål å planlegge, legge til rette og utbetre vegnettet slik at alvorlege ulykker ikkje skal oppstå.

**Teknisk krav**:
Det eksisterar ikkje standard utforming for parkeringslommer av denne typen, men etablering av lomme krev i praksis ny avkøyrsle frå fv. 121. Siktkrava er i så tilfelle 4 x 45 meter 0,5 meter over vegbana på fylkesveg 121. Sikta framover og bakover ved avkøyrsla skal vera 45 meter.

**Tiltakshavar sine merknadar til saka**:
Tiltakshavar ynskjer å etablere parkeringslomme gjennom utviding av vegskulder for parkering/oppstilling av bilar, eventuelt bilhengar. Arealet vert på ca 3x13 meter. Det er ca 50 meter sikt nordover og ca 200 meter sørover.

**Vegvesenet si vurdering av saka**:
Me har forståing for ynskje om etablering av parkeringslomme, men godkjenning av dette tiltaket vil kunne skape presedens for tilsvarande saker. Aktiviteten på og langs vegen har innverknad på trafikktryggleiken, og Statens vegvesen ynskjer ikkje å legga til rette for denne typen parkering og «utflytande» avkøyrsler utan klart definerte avkøyrslepunkt. I tillegg vil dette kunne skape problem i forhold til drift og vedlikehald av vegen med tilhøyrande areal, med plassering kloss i vegbana.

**Vedtak**:
Med heimel i veglova §§ 40 og 43 vedtek Statens vegvesen å avslå søknad om etablering av parkeringslomme gjennom utviding av vegskulder.

**Grunngjeving**:
Aktiviteten på og langs vegen har innverknad på trafikktryggleiken, og Statens vegvesen ynskjer ikkje å legga til rette for denne typen parkering og «utflytande» avkøyrsler utan klart definerte avkøyrslepunkt, som også kan skapa problem for drift og vedlikehald.

**Høve til å klage**:
Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan klagast på, jfr. Forvaltningslova §§ 28-36. Klagefristen er - 3 - veker frå du fekk dette vedtaket. Klageinstans er Samferdsleavdelinga i Hordaland fylkeskommune. Ei eventuell klage sendast til Statens vegvesen som sender saka over til klageinstansen.

Med helsing

Carl- Erik Nielsen
Seksjonsleiar | Kinden Kari Veseth

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi
Fusa kommune, Postboks 24, 5649 EIKELANDSOSEN

| **(1)** Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) | **Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak** (Forvaltningslova § 27 tredje leddet) |
|---|---|
| Statens vegvesen<br>Region vest<br>Askedalen 4<br>6863 Leikanger | **(2)** Dato<br>07.06.2017 |
| **(3)** Mottakar (namn og adresse)<br>Magnar Ove Fjærestad<br>Engjavik<br>5645 Sævareid | **(4)** Klageinstans<br>Hordaland Fylkeskommune<br>Samferdsleavdelinga<br>PB 7900<br>5020 Bergen |

**Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.**

| | |
|---|---|
| **Klagerett** | De har rett til å klage på vedtaket. |
| **Kven kan De klage til?** | Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk **(1)**. Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klage-instansen, jf. rubrikk **(4)**. |
| **Klagefrist** | Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det. |
| **Rett til å krevje grunngjeving** | Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngjevinga. |
| **Innhaldet i klaga** | De må presisere<br>– kva for eit vedtak De klagar på<br>– årsaka til at De klagar<br>– den eller dei endringar De ønskjer<br>– eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga<br>Klaga må underskrivast. |
| **Utsetjing av gjennom-føringa av vedtaket** | Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjord. |
| **Rett til å sjå saksdoku-menta og til å krevje rettleiing** | Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk **(1)**. De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen. |
| **Kostnadene med klagesaka** | De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom ved-taket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klage-instansen (jf. rubrikk **(4)**) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning. |
| **Klage til Sivilombodsmannen** | Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjord i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen. |

Særlege opplysningar

**Fra:** "Magnar Ove Fjærestad" <mofjeres@broadpark.no>
**Sendt:** 3. juli 2017 12:10
**Til:** Firmapost-Vest
**Emne:** Søknad om avkjørsel fv.121 - Gnr.98 bnr.1 Engjavik - Fusa kommune.

Dykkar referanse 17/70847-2.

Har vert bortreist på ferie, så klagefristen på 3 veker blei vanskelig å holde, og håpar på forståelse for det.

Har full forståelse for dei generelle vilkår, for avslag på søknaden. Ynskjer at dykk kan ta ei ny vurdering, ut frå ein del tilleggsopplysningar:

1. Tvers for plassen det er søkt om, er det avkjørsel til fritidsboliger og sjøhus. Ved avkjørsel til dei er det som regel full trafikkal stopp på sørgåande trafikk, som vil bortfalle om søkt utviding blir akseptert.

2. 20 meter sør for plassen er det avkjørsel til Markhus, samt Gnr.98 brn.1

Ut frå lokale trafikkale kunskaper, meiner eg bestemt at den avkjørselplassen det er søkt om, vil bedre trafikksikkerheten og vedlikehaldsdelen i det aktuelle området, spesielt vinterstid.

Med helsing

Magnar Ove Fjærestad

Statens vegvesen

MAGNAR OVE FJÆRESTAD
ENGJAVIK
5645 SÆVAREID

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Kari Veseth Kinden / 56520261 | 17/70847-4 | | 06.07.2017 |

## Informasjon om klagehandsaming - Avkjørsel - Fv. 121 - Gnr. 98 bnr. 1 - Engjavik - Fusa kommune

Viser til e-post mottatt 03.07.17, med ynskje om ny vurdering av søknad om avkøyrsle.

Statens vegvesen har ikkje endra syn i saka, då tiltaket vil kunne skape presedens for tilsvarande saker. Aktiviteten på og langs vegen har innverknad på trafikktryggleiken, og Statens vegvesen ynskjer ikkje å legga til rette for denne typen parkering og «utflytande» avkøyrsler utan klart definerte avkøyrslepunkt.

Saka er difor oversendt Hordaland fylkeskommune for handsaming. Dette til orientering.

Med helsing

Carl- Erik Nielsen
Seksjonsleiar

Kinden Kari Veseth

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi
Fusa kommune, Postboks 24, 5649 EIKELANDSOSEN